

4  
Uluukka på Vesteinsundet 1903

Den 24. september, i 4-tida om morgonen, reiste to robåtar frå Husevåg.

Dei kursa mot området ved Vesteinen for å setje hyseliner. På eine båten, ein seksæring, var Ingebret Jakobsen med sonene Jakob, Peder og Johan. I den andre var Peder Jakobsen og sonen Henrik.

Frå Furneset i Fåfjorden kom også ein båt i same ærend. Ombord var Per Furenes med tre unge gutter. «Han small frå Nordvesten» den morgonen, stormen kom kasta på. Ein båt kom aldri meir til lands i Husevåg.

To dagar seinare, då havet roa seg, fann dei råseglastra til Ingebret i Stranda. Den låg liksom for ile ved Festet vest av Nyken. Båten, bruket og karane var sopt vekk av nordveststormen.

— Her på dette golva har vi ofte vore og diskutert om det var sjøveir. Det var her vi eigna line og hadde bruket. Her stod vi og diskuterte lutane. Arthur (t.h.) og Reidar Husevåg har lagt inn drane, sløkt maskina og drege bruket på land. Sjøveir er ikkje lengre et dagleg og viktig tema. Det ser ut vindedøra, kroken heng i kjettningen, den same som heiste fangst og bruk. I dag er dei attende på Gamlebuda og held opp mastra hans Ingebret i Stranda. Fire meter og 30 centimeter er ho, umåla og med ei trinse i toppen. På desse plankane låg liket dei fann i 1903. Her stod Ragnhild og skulle sjå om ho drog kjensel på den drukna.

# Ei mastr



**L**inene kom i sjøen før det lysna. Urolege skyhausar vest i havet og veksande båre varsla vind. Karane kunne tyde verteikna dengong. Dei starta difor å drage for linene hadde stått ut vanleg tid. Båten med Stranda-karane, Ingebret og sønene, vart sist ferdige med drotten og heiste ikkje segl før dei andre var komne godt i veg mot land.

Nord for Nyken kom Per Furenes siglande i frisk bør forbi Peder Jakobsen på færingen. Ombord stod Henrik og hespa inn oppstø til endekaggen.

Peder ropte til Furenesane: Såg de noko til Strandane? Han hadde attleit for grannen sin. Og Per i Furneset svara med si notbasrust: Ja, dei låg uttafor Festet og hadde endekaggen like bak seg. Dei kjem

snart!

Denne meldinga er den siste om Ingebret i Stranda og dei tre sønene.

#### SEGLET VART BORTE


Ingebret, som dengong var 16 år, fortalde seinare at dei såg seglet kom opp, så vart det vekke, eller la seg over. Wind og sjø var slik at det var uråd å ro oppimot og yte hjelp. Han

og faren hadde nok med å klare seg sjølve. Det var tungt for Henrik å sjå fire grannar drukne utan å kunne hjelpe. Resten av livet tildekte han hendingar utfrå. Då Stranda-karane kom vekk, så og så mange år før eller etter ulukka.

Heime i stranda venta tre kvinner på mennene sine, Ragnhild, Eli og Karianne. Uveret auke, storfaringen med Peder Jakobsen og sonen

kom i hamn. Oppe på Synet kunne dei sjå ut mot Nyken, der båten kunne vere ventande frå. Opp dit gikk Eli og Karianne saman med nokre andre for å speide vest i havet. Seksæringen til Ingebret var ikkje å sjå. Dei kunne vone på at karane hadde rynt unna sor på Vetvika. Det vart kveld og natt.

Strandakarane kom aldri attende til Husevåg.



# - tre enkjer

Einaste i Husevåg som lever og har minner fra 1903 er Ragnvald Husevåg (98). Han veit kviser hysefisket som Husevågarane dreiv, var så i vinden den gong.

- I åra like etter århundreskiftet tok det seg opp eit godt marked for hyse i Tyskland. Grannen her, Andreas Husevåg, onkelen min, sluttar fiskeriet og starta med eksport. Eg

hugsar godt dei sene fisken til A.H. Altona, Hamburg. Mange herikring dreiv hyseline, og fekk hyse som dei leverte til mottaka her til god pris. Dei brukte å reise ut om natta og setje, og så drage ute på morgonen.

Denne septemberdagen i 1903 rauk det opp med storm. Nordvesten kjem brått på uttafor her. Han Ingebrekt i Strandene hadde råsegli, og dei segla er det vanskleg å redusere segfløringa på i ein fart. Så mi tru er at vinden har lagt seg i seglet og kvalt båten. Eg har sjolv segla med råsegli og sett kor det verkar. Eingong eg og far reiste nord i Måløyana kom der ei vindkule, eg såg den komme synna Gangsøyna. Lukka var at eg hadde løys vantet på eine sida, så når eg drog opp knutn, for seglet og mastra på sjøn. Det redda oss frå kollisjon.

- Same dagen som Ingebrekt og sokene kom vekk, rynde 70 bremongrar som låg lenger sør unna veret og inn på Vetylka. Det vart et storever, så dei fekk båt til Flora, derifrå kom eit par stibåtar og henta dei so om Odden.

Fyrst på måndag spakna vinden og båra såpass at folk kom seg på sjøen og leite. Då fann dei mastra og ein kagger med oppsto og ile utmed Festet.

- Ulukka skremde ikkje folk frå fisket, prisane var gode. Eg kan ikkje sikret seie om det var ei eller to år senare, då loyste ueiret seg på nytt medan to båtar frå Husevåg var ute. Folket deira i land frykta gale og fekk ein båt over til Vågvåg.

Der gjekk dei opp til Solheim, han hadde telefon i bygda, og fekk ringje til Måløy. Der låg ein redningsbåt, Herkules, ein stibåt. Han gjekk ut og gjekk rett på båtane, tok dei på slep til lands. Godt gjort, utan radar og peileutstyr slik vi har i dag. Etter den hendinga flaut det knapt ei fjøl utan den vart kalla Hercules. Eg kan sanse at eit par veker etter at Ingebrekt og gutane kom vekk, fann dei eit lik uttafor land. Kobben hadde vore framti, og så hadde det lege så lenge i sjøen

at det var ukjenneleg. Men dei reina med at det var av Strandakarane. Det var sagt at han var den syster som vart gravlagt i Tytingvåg etter at gravplassen der vart opna.

Dei tok liket inn i Vågjen og oppa Gamlebuda. Vi ungane letta omkring ute. Så kom ein flokk karar ut og oppå ei slette soom buda. Ein av dei tok fat i meg og ville ta meg med innpå buda, eg var vel fem år dengong. Men eg reiv meg laus. Det er slike som sit i minnet. Ulukka med Strandakarane skapte stor oppstandelse i bygda. Høvldelen av karane der ute kom vekk på ein gong.

Minna frå tidlegare barneår har etsa seg inn hos Ragnvald. Hender var at eg hadde løys vantet på eine sida, så når eg drog opp knutn, for seglet og mastra på sjøn. Det redda oss frå kollisjon.

KVINNENE I STRANDA

Kona til Ingebrekt heitte Ragnhild Pedersdatter Rødhjelle, det som senare heitte Rødeggen i Brunsvik. Ho vart gift til Husevåg, og var 53 år då ho miste mannen og tre sorer. Yngste sonen, Isak, var på ein Måløy-båt og dreiv fiske. Han flytte straks heim til mora og tok seg av henne på plassen dei bygsla i Stranda. Eli budde saman med dei i stova. Karianne og Peder hadde alt fått eige hus lengre ute. Vi har grunn til å tro at Isak og dei tre enkjene streda med livsmotet etter dette store tapet.

Dei mätte kjenne seg som ein huslyder ryggrada var broten. Ragnhild levde i 22 år som enkje, døyde først i 1925. På desse åra fekk ho sjå ein ny generasjon spire fram, med grunnlag i seg og Ingebrekt.

## KARIANNE

Jentene i Furenset var populære i Husevåg. Rasmina i Garda, Larine på Markjane og Karianne i Strandene, kom alle derifrå. Jakob og Karianne hadde fått opp eige hus for ulukka. Her vart ho buande saman med borna Ingolf og Sofie.

Kristoffer Husevåg heitte ein ung mann, bror av Henrik som var på havet same dagen som Strandakarane. Han var reist til Amerika ei par år for århundreskiftet. Postgangen hadde eit rolegare tempo for 90 år sidan. Fyrst eit halvt år etter ulukka las han om den i avisene

som kom over. Der las han om Karianne som var enkje med to små barn. Straks han vart klar over dette, tenkte han: Karianne treng meg, eg reiser heim. Han avvila det han var knytt til i Amerika og reiste. Interessa for Karianne var vekt for han drog til Amerika, men ho vart gift med ein annan.

Heime i Husevåg skrev han brev til Karianne. Der fortalte han sine kjensler, og sa at dersom ho ville ha noko med han å gjere, så skulle ho ta med seg begge barna og komme innpå Hauge til eit bestemt klokkeslett sondag føremiddag. Kvartagane måtte nyttas til arbeid. I god tid var Kristoffer på plass på Hauge, i spennin. Nøyaktig på det oppgjevne tidspunktet kom Karianne mot han, med eit barn leidande i kvar hand.

Dei vart vigde 29.09. 1905. Bryllaupsbåten dei brukte var fyrste motorbåten som kom til distriket, kjopt av Lem-folket i Måløy. Kristoffer var kning 80 år då han fortalte dette til den som var kjeldar for denne historien. Karianne var då dod to fire år før. Den gamle mannen var bevega når han fortalte om dette første møtet med Karianne og borna ein sondagsmorgen i 1904 eller 1905.

Ved synet av Karianne den dagen lova han seg sjølv at han ville ta ansvar for henne og dei to barna så dei skulle få eit trygt og godt liv. Det fekk eit ekteskap som varde i 53 år, til Karianne døyde i 1958, 81 år gammal. Saman var dei foreldre til sju born. Jakopia, Hjalmar, Olga, Paula, Emma, Jofrid og Per. Karianne Isaline Pedersdatter Krabbestig vart såleis mor til ni born. Alle borna stifta familie og slo seg til i Nordfjord, med unntak av to jenter som reiste til Sverige.

Kristoffer mente å reise attende til Amerika, men fekk ikkje visum for huslyder. Han bygde difor hus i Stranda og var der verande til han døyde i 1969. Lovnaden han gav seg sjølv under første møtet med Karianne vart bekrefa av sonen fra fyrste ekteskapet hennar. Under feiring av ein rund dag for Kristoffer, i hog alder, reiste Ingolf seg og takka for at han også hadde vore ein sann far for dei to frå fyrste ekteskapet.

Kristoffer og Karianne er ei soge om kjærleik, ansvar og respekt. Karianne fekk oppleve andre generasjon etter seg. 35 vart ho bestemor til

ELI  
Peder stod eksisen på Nordfjordeid. Under opphaldet der møtte han Eli som gjekk på sykurs. To av barna hennar lever ennå, Arthur og Reidar. Ragna, Petra og Ingebrekt er døde. Reidar fortel at alt av kle vart tilverka av mora i deira barndom og ungdomsårs.

- Det var ikkje snakk om å kjope ein dress-dengong. Det var omreiande skreppehandarar, dei selde toystuvlar, og mor vår svide alt til hushus.

- Ho mor fekk fleire gonger sporsmål kviør ho reiste utmot havet frå Hyen. Og ho svarte at ho likte havet.

Eli Antonsdatter Aa fra Hyen fylte 26 år sommaren for ho stod på Synet og speida etter båten med Peder ombord. Heime venta eit barn på eit halvt år. For henne som for Karianne vart det kveld, og dei måtte i hus. Ingebrekt og sonene kom ikkje. Eli vart verande i Stranda saman med svigermora. Levevegen var ein liten jordlapp, og Isak dreiv fiske. Isak var luteigar i den fyrste båten med motor i Husevåg, «Eriling». Seks år seinare, i 1909, gifte Eli og Isak seg. I det ho vart reiste til Bergen og vart vigde i Mariakyrja. Biletet av dei er frå denne Bergensferda, meiner Reidar Husevåg. Isak og Eli fekk fire born, så i alt fem born sette jenta frå Hyen til verda. Ho levde sine dagar i Husevåg til ho døyde i 1960, 87 år gammal. Isak døyde tre år før. Eldre folk snakkar enno om songstemma hans Isak. Han stod i stovéglasten i Stranda og song når kveldane var fine.

Også dei fekk sjå barnebarn, i alt 16.

Alle som opplevde ulukka, med ein unntak, er borte. Same med dei som fekk den sáraste sorga innpå livet. Ulukka er historie som tida dreg sitt grå slor over. Kvifor ta fram att slik som ingen har gledd av?

Tanken på to kvinner er god grunn. To kvinner som stod på ei hogd og speida mot havet etter ein åt, eit råsegli, medan nordveststørmen auka i styrke og mørkret seig på. Kaldt og hustre, til slutt gjekk dei heim for natt. Skulle nokon kjenne seg ribba, fatug og naken, på berre bakke, så måtte tre kvinnene i Stranda gjøre det den kvelden. Ragnhild, Eli og Karianne. Det valde, eller kanskje var det ikkje val? I Husevåg vart dei verande. Og der fekk dei på ruinane ein start.

Til venstre:  
Eli Antonsdatter Aa, Hyen, fødd 30.06.1873 og Isak Ingebrektson Husevåg, fødd 01.10.1879.

I midten:  
Ragnhild Pedersdatter Rødhjelle, fødd 1850. På same dag miste ho mannen, Ingebrekt og tre sorer.

Til høgre:  
Karianne Isaline Pedersdatter Krabbestig, fødd 27.06.1849 saman med Kristoffer Berent Andreas Petersen Husevåg, fødd 03.06.1881.

Femtein born vart dei bestemodre til, svigerdotrene til Ragnhild. Så kom 3. generasjon.

Og no i desse åra 4. generasjon sine første steg. Desse to slektene forgreiner seg utover landet fra Trondheim og sørover og aukar frodig.

Tanken på fire menn er ein grunn. Korleis hadde Ingebrekt det i si siste stund, saman med tre soner? Var mastra det siste som flaut, var det til den dei klamra seg?

Sidan 1903 har ho vore i nauastet, brukt som garnhengje. Sikker er det ho veit noko som ingen andre veit, om vi kan tillegge ein dod ting evna å vite. Den fortel historie til generasjonane og stemmer sinnet i mollen.

Kjell Askeland



Mastra i full lengde. Eingong bar ho oppå råseglet til Ingebrekt Jakobsen.

**S**jolve ulukka står å lese som i Årbok for Nordfjord 1988. Noko av det fascinerande ved denne historien er å sjå den livskraft som likevel språte fram etter den tragiske og svarte dagen i 1903. Eli og Karianne står sentralt. Arbeidet med dette stoffet har fort meg nær menneska som drukna såvel som dei attlevande. Det er råd å forstå kvifor Henrik Husevåg resten av livet vart så tung i sinnet når han snakka om «då Strandakarane kom vekk».

nr. 1. Stad-namn. for

Bladskift, Ør-ura, Hordumset,  
Hordeboden, Stavfjellet, Skinevika,  
Svinvik-helleren, Svinvik-bakkane,  
Lavika, Lavik-bruna, Onset,  
Ons-haugen, Ons-köyla,  
Ons-fluda, Nöre-Tigane,  
Kinsa, Svarke-Tigane,  
Stavfjellet, Hesteskora, Lyru-skjera,  
Sjö-helleren, Sjöhellers-vika,  
Sjöhellers-sett, Nöre-Tærldeneset,  
Trollholst, Tærldes-bakken,  
Tærldenvika, Stygge-skora,  
kjöt-ura, Tærldes-aksla,  
Tærldes-skjert, Tærldes-fluda,  
Eikhalm-sundet, Eikhalmane,  
Storeboden, Stokken, Skukkane,  
Elvastö) Söre-Tærldeneset,  
Tærldes-haugen, Tærldes-myra,  
Tærldes-ristningen, Teskhola,  
Storlida, Torbelida, Kyrkja,  
(Tugleklitten), Utsøklatet,  
Brattekakkane, Storvik-mønnen,  
Storvik-hamrane, Storvik-a,  
Stödjan, Storvik-fluda,  
Kvite-klubben, Kvibeneset,  
Makje-skarb, Husvæg, skinen,  
Makjene, Krabbestig-hala,  
Skarve-holmen, Spenefluda,  
Krabbestig-holmen, Krabbestig-sett,  
Påls-hilla, Stigen.

nr. 2. Husvæg, febr. 1986.

Rønndom (Klitten) Skinst,  
Lille-klitten, Shore-skora,  
Kyraskaret, Flat-huda, Melkeskinne  
Nans-hannet, Nans-hannemyra,  
Sendebør-haugen, Sendebør-hala  
Sendebør-bakken, Tverli-linden  
Middags-tuene, Raudals-egga,  
Raudalen, Grøne-hala,  
Långe-dalen, Långedal-stelle,  
Runde-haugane, Korspe-dalen,  
Nova, Myrane, Myra-vatnet,  
Leite, Fossane, Elva-hammaren  
Tømnes-kvernhuset, Rosa-myra  
Bla-fjellet, Skyle-fjellet,  
Följe-vatnet, Följe-fjellet,  
Tuslen, Søve-sjerna, Ørneta,  
Nyken, Djupe-dalen, Merra-holc  
Merrahol-fjellet, Svarke-burget,  
Kvia-hala, Løkje-myra,  
Små-dalane, Hammars-hua,  
Haugane, (Vass-myra, Myrane)  
Eldhus-myra, Små-bakkane,  
Sunnansvind-haugane,  
Lange-hugen, Kvernhuset, Kroken,  
Kvernhus-hugen, (Dalen, Trippa),  
\* Munke-grava, Rindin,  
Rund-åkra, Kalve-myra,  
Brua-bakken, Merra-myra.

\* Der var funnen ein stav.

nr. 3.

### Stad-namm for

Hovden, Nöre-vika-  
Hovde-sua, Hovde-legda,  
Hovde-vika, Lakse-hammaren,  
Favdebukt-neset, Huldre-holst,  
Gribai-skaret, Sau-hällern,  
Stranda, Stranda-holmen,  
Stranda-fluda, Kalor-niset,  
Stranda-jlassen, Vomba,  
Ringn, Stranda, Steg-niset,  
Stigen, Stora-haugen, Vägen,  
Kluva, Gribfjös-bakken,  
Grise-hagen, Kyrna,  
Naust-myra, Naust-bakken,  
Tjös-bakken, Tra-haugen,  
Dalm, Slaka,  
Fjöring-skifte, Hjerle-äkeren,  
Räykehal-bakken, Räyke-hala,  
Tufta, Tammes-trappene,  
Smie-myra, Nabben, Hilla,

Til slutt las eg namma inn på kassetten.

nr. 4.

### Husvæg, febr. 1986.

Skjä-berget, Elve-osen,  
La-berget, Skarpe-tigane,  
Vika, Holmen, Ambarm,  
Stora-fluda, Lisi-fluda,  
Neset, Holme-sundet, Grupa,  
Frø-haugen, Gard-vika,  
Holme, Nakkin, Buska,  
Taupe-hala, Stegnes-vika,  
Steg-niset, Moske-bakken,  
Skarven, Stora-räykehala,  
Lisi-räykehala, (Stora-hilla)  
Nar-niset, Narves-vika,  
Slaka, Stegane.

Dii namm som står i parantes er ikkje ført på kart, men ay tek dii med på desse ark.

Dii andre namma er skrevne på ark. På kartet står dii som nr.

### Til Bjørn Ellingsund.

Jnger smakha om at du var interisert i desse  
stad-namma, og her er dei. Vanar du skryner skriffa.

Helsing

Prof. Husvæg